



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
129/20	Formannskapet	18.08.2020
104/20	Kommunestyret	27.08.2020

### Fosnavåg hamn - endeleg vedtak om utdjuving og miljøoppydding

#### Samandrag:

Herøy kommune har saman med Kystverket vurdert eit fellesprosjekt for å sikre utdjuving og miljøoppydding i Fosnavåg hamn.

Kystverket sitt prosjekt med utdjuving av Fosnavåg hamn var lagt inn i Nasjonal Transport plan (NTP). Kommunen inngjekk i desember 2019 ein avtale med staten om å forskotere utdjuvinga til Kystverket, med atterhald om kommunen i løpet av våren 2020 fekk nødvendige grunneigaravklaringar samt avklart spørsmålet om frådrag for meirverdiavgift. Fristen for å få på plass desse avklaringane og fatte endeleg vedtak i saka er i samsvar med avtalen med staten sett til 27. august 2020.

Kommunen har no fått avklaringar med grunneigarane i høve etablering av ny kaifront, samt avklara spørsmåla knytt til frådrag for meirverdiavgift for etablering av eit deponi i indre hamn, og kommunestyret må no ta stilling til om kommunen skal gjennomføre prosjektet.

Kommunestyret må ta stilling til den betydelege økonomiske risikoen samt det prinsipielle spørsmålet med å ta kostnadar til etablering av nytt landareal som kommunen berre delvis skal eige.

#### Kommunestyret 27.08.2020:

#### Behandling:

Forslag frå Herøy FrP, foreslått av Karl-Oskar Sævik, Framstegspartiet

Herøy kommunestyre vedtek å gå vidare med prosjektet med utdjuving og miljøoppydding i Fosnavåg hamn.

Richard K. Gjerde (KrF) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medgrunneigar og gjekk frå under handsaming av habilitet.

Richard vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6 1. ledd bokstav a.

Runar Johnny Olsen (KrF) tok plass.

Linn-Therese Sævik (KrF) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med grunneigar og gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn-Therese vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6 1. ledd bokstav c.

Karl-Anders Brendmo (KrF) tok plass.

Torbjørn Hide (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Herøy fiskarlag som har skrevet brev til kommunen om deira standpunkt i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Torbjørn vart samrøystes kjend habil.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Andreas Chr. Nørve møtte og orienterte i saka.

Det vart halde gruppemøte.

Kommuneadvokat Reidar Andreassen møtte og orienterte i saka.

Det vart halde gruppemøte.

Karl-Oskar Sævik (FrP) kom med slikt framlegg:

Herøy kommunestyre vedtek å gå vidare med prosjektet med utdjuving og miljøopprydding i Fosnavåg hamn.

Det vart halde prøverøysting.

Formannskapet si innstilling fekk 17 røyster.

Karl-Oskar Sævik (FrP) sitt framlegg fekk 16 røyster.

Det vart halde endeleg røysting

Formannskapet si innstilling fekk 17 røyster.

Karl-Oskar Sævik (FrP) sitt framlegg fekk 16 røyster.

#### **K- 104/20 Vedtak:**

På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet.

#### **Formannskapet 18.08.2020:**

##### **Behandling:**

Linn-Therese Sævik (KrF) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med grunneigar og gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn-Therese vart samrøystes kjend inhabil etter kommunelova § 11-5, fvl. §6 1. ledd bokstav c.

Kaja Runde (Folk) tok plass.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Andreas Chr. Nørve møtte og orienterte i saka.

Kommuneadvokat Reidar Andreassen møtte og orienterte i saka.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**F- 129/20 Vedtak:**

**Formannskapet si innstilling:**

På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 18.08.2020 - 129/20

**Formannskapet si innstilling:**

På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet.

**Vedlegg:**

Fosnavåg hamn - status og prosjektavklaring (L)(53916)  
Tiltaksplan Rambøl 2013 (L)(49541)  
Tiltaksplan Rambøl 2015 (L)(49542)  
Kommunestyresaka Fosnavåg hamn 310119 (L)(49543)  
Søknad om forskoteringsordninga 27. april 2018 (L)(49876)  
10214519-RIG-NOT-002 Supplerende vurdering revidert kostnadsoppsett  
Fosnavåg hamn - kommunal forskotering 191119 (L)(49545)  
Signert avtale om forskottering av prosjekt Fosnavåg fiskerihamn 181219 (L)(49546)  
Bindende forhåndsuttalelse – Merverdiavgiftsrettslige forhold ved utbedring av Fosnavåg fiskerihavn i Herøy kommune 220420 (L)(49547)  
Fosnavåg hamn - status og prosjektavklaring (L)(53916)  
Fosnavåg hamn - Notat setninger og setningstid (L)(57278)  
673 - Fosnavåg Havn Mudring og opparbeidelse av strandkantdeponi -2020  
Fosnavaag Pelagic (L)(59662)

**Saksopplysningar:**

Saka knytt til Fosnavåg hamn er eit delt prosjekt, som er knytt til Kystverket sitt prosjekt om utdjuving av Fosnavåg hamn samt kommunen sitt ønskje om miljøopprydding i hamneområde.

Kystverket sitt tiltak om utdjuving av fiskerihamna Fosnavåg hamn har lagt inne i Nasjonal Transportplan (NTP) i fleire periodar, men har blitt utsett fleire gongar. Tiltaket var i førre NTP planlagt med oppstart i 2017, men forprosjektet vart sterkt forseinka og prosjektet i Fosnavåg hamn ligg no inne i NTP for perioden 2024-29.

Ansvar for fiskerihamner skulle i samband med regionreforma overførast til fylkeskommunane frå 1. januar 2020. For å sikre ei gjennomføring av tiltaka i NTP etablerte staten ei forskoteringsordning, som skulle sikre at aktuelle kommunar kunne gjennomføre Kystverket sine prosjekt.

Med bakgrunn i denne forskoteringsordninga, så søkte Herøy kommune den 18. april 2018 om å ta ansvaret for utdjuving av Fosnavåg hamn. Søknaden var avslått, men det vart likevel arbeida vidare med saka politisk og frå arbeidsgruppa i Herøy, opp mot statsbudsjettforhandlingane for 2019, og den 12. juni 2019 fekk Herøy kommune lovnad om forskoteringsmidlar til eit deponi i indre hamn.

Kommunen fekk hausten 2019 ansvaret for å oppdatere kostnadsoverslaget som låg til grunn, før avtalen om å ta del i forskoteringsordninga vart signert av staten og kommunen den 18. desember 2020 – tildelte forskoteringsmidlar gjeld for deponiet i indre hamn.

Dersom kommunen ikkje gjennomfører tiltaket som planlagt, så er ikkje staten lenger bunden av avtalen. Det vil seie at dersom kommunen ønskjer å flytte deponiet; endre på grad av utdjuving eller endre på deponiplasseringa i indre hamn, så er ikkje staten lenger bunde av avtalen. Det er då sannsynleg at retten til forskoteringsmidlar fell bort og at kommunen eventuelt må sjå på moglegheitene til å reforhandle med staten, men dette er truleg vanskeleg med tanke på at forskoteringsordninga er etablert som ei eingongsordning.

Saka var til handsaming i kommunestyret den 18. juni 2020 og status var på dette tidspunkt:

«Under føresetnad av at kommunen kan løyse utfordringar med setningstida

for deponimassa, samt får nødvendige avklaringar i høve meirverdispørsmålet på kaifront vi ikkje sjølv skal eige, så er [saka om] utdjuping og miljøopprydding i Fosnavåg hamn eit reint kostnadsspørsmål.»

Spørsmålet om frådrag for meirverdiavgift er avklart frå skatteetaten, gjennom engasjerte skatteadvokatar i PwC. Når det gjeld spørsmål om setningstida, så har Multiconsult AS skissert reduserande tiltak ved bruk av vertikaldren i sin rapport av 8. juli 2020, og det blir sitert:

«I områdene med størst forventet setningstid vil installasjon av vertikaldren være et godt alternativ for å redusere setningstiden betydelig, dette kan for eksempel være aktuelt i cellene for å få fremskyndet setningene og dermed oppnåen raskere etablering av kai på deponifronten og på områder som planlegges bebygget. Ved å installere vertikaldren vil setningstiden reduseres betraktelig.

Setningstiden vil være avhengig av senteravstanden av drenene. Normalter denne 1-3 m. Settes drenene med 3 m avstand er setningstiden forventet å ligge mellom ca. 0,5 til 1,5 år, settes drenene med 1 m senteravstand er setningstiden forventet å være mindre enn et halvt år fra siste utlegging av bærelag eller forbelastning.

Vi har i 417849-RIG-RAP-003 datert 23.3.2018 estimert kostnaden for vertikaldren på hele deponiet til ca. 2,0 millioner inkludert rigg og drift. Om man begrenser dette til området foran Fosnavåg Pelagic og der man skal etablere kai, kan man legge til grunn en kvm pris på 140,- inklusive rigg og drift for et oppsett med senteravstand 2,0 meter. For et totalt areal mellom 5000 – 8000 kvm med dette tiltaket gir dette en forventet kostnad mellom 0,7 – 1,2 millioner.»

Dersom vi skal setje inn reduserande tiltak for å redusere setningstidas til mindre enn 6 månadar, så blir kostnaden til dette stipulert til å vere mellom kr 1,4 – 2,4 millionar.

Med bakgrunn i avklaringa knytt til meirverdiavgift og setningstid, så er saka no eit reint kostnadsspørsmål – og det blir no gjeve følgjande oppdaterte kostnadsoverslag for prosjektet:

Kostnadsoverslag for utdyping (oppdatert)	108 500 000
+ miljøoppdydding «slippen» (indeksregulert)	2 200 000
+ grunnkjøp kaifront indre hamn (ny takst)	14 500 000
+ grunnkjøp nausteigedomar (indeksregulert)	3 800 000
+ bygging av ny kaifront (oppdatert)	11 000 000
+ drenering for setningstid på mindre enn 6 månadar	2 400 000
+ forbelastning av 1/4 av deponiet	4 000 000
+ uføresette på kommunen sin del (10 % av kr 37.900.000)	3 790 000
<b>=Totalt før prisstigning og finans</b>	<b>150 190 000</b>
+ prisstigning med 2,5 % (2021-2026)	22 528 500
<b>=Totalt før refusjonar</b>	<b>177 584 656</b>
- forskotering frå departementet (2026)	108 500 000
- prosjektmidlar frå Miljødirektoratet (2026)	2 200 000
<b>=kommunen sin eigendel (investering)</b>	<b>66 884 656</b>

<b>Driftsutgifter</b>	<b>2022-2026</b>	<b>2027-&gt;</b>
+ finanskostnad 0,81 % per år	1 216 539	541 766
+ avskrivningar per år i perioden 2022->	1 672 116	1 672 116
<b>Driftsutgifter</b>	<b>2 888 655</b>	<b>2 213 882</b>

I kostnadsoverslaget blir det stipulert forventa behov for låneopptak på kr 66,9 million, etter at vi har fått refundert forskoteringsmidlane frå staten. Eit slikt låneopptak vil etter refusjonen frå staten gi ei auka i årlege driftsutgifter på kr 2,2 million – etter dialog med økonomileiaren så er det stipulert 0,81 % i rentesats og 40 års avskrivning.

I slike store prosjekt vil det vere ein stor økonomisk risiko knytt til uføresette og det er viktig at kommunestyret tek stilling denne risikoen. Vi viser her til gjennomgangen ingeniør Bjørn J. Nes har gitt av Multiconsult AS sitt kostnadsoverslag, og som var lagt fram på grunneigarmøte den 2. mars 2020:

«a. Dersom en forutsetter at de angitte mengdene stemmer og at en klarer å få låst mudringsprisene på de priser som er lagt inn i kostnadsoppstillingen, så er totalkostnaden i hht. oppstillingen ganske realistisk og en bør kunne påregne at dette kan gjennomføres innenfor det fremlagte budsjettet.

b. Ved første øyekast så virker de angitte mudringsprisene lave. Basert på erfaringstall så er pris på mudring av masser veldig varierende avhengig av tilgang på ledig mudringskapasitet.

Det er ikke umulig å komme ned på disse prisene men er der mye arbeid tilgjengelig på anbudstidspunktet så kan de angitte prisene bli vanskelig å oppnå dersom arbeidet må utføres innenfor en gitt tidsperiode. Ender mudringsprisene på NOK 50,- mer enn kostnadsestimatet så medfører det en tilleggskostnad på NOK 6 mill. eks. mva.

c. Et annet punkt som er viktig å ta med i kostnadsbildet er korrosjonsbeskyttelse av stålpunktet. Der er eksempel på at spuntkaier uten korrosjonsbeskyttelse har korrodert til full kollaps etter relativt kort tid dersom vannet har høy

ledningsnivå/saltinnhold.

d. I kalkylen er det tatt med NOK 3 mill. til passiv korrosjonsbeskyttelse med offeranoder. Det er vanskelig å vurdere levetiden på disse da det vil være avhengig av hvor aggressivt vannet er. men ca. 10 års levetid på offeranodene er ikke usannsynlig. Etter den tid må de skiftes ut og nye offeranoder monteres med ny kostnad. Vi mener at for korrosjonsbeskyttelse så vil en katodisk beskyttelse ved hjelpeelektrode og påtrykke strøm slik at metallet blir en katode, være en bedre løsning samt at det normalt gir bedre kontroll og lavere total kostnad.»

Ingeniør Bjørn J. Nes viser i sitt notat vidare til ein risiko når det gjeld mudringsmassane :

«[...] ekstreme deformasjonsfaktoren i mudringsmassene. Avhengig av om denne ender opp på 25% eller 40% deformasjon så utgjør det en betydelig usikkerhet på volum behovet i deponiet. Legger en opp til at det skal være 25% men så blir det 40, da må en tilføre ca. 15.000m<sup>3</sup> ekstra masse for annet masseuttak. Legger en opp til 40% og så ender en opp med bare 25%, så har en ikke nok plass til all forurenset masse og en vil få merkostnader med fjerning/annet deponi. Dette er et dilemma som uansett vil skape usikkerhet. Tidsaspektet er også usikkert med tanke på hvor lang tid det tar før massedeformasjonen 'roer' seg.»

Kommunedirektøren legg til grunn at risikoen som her er skissert her ligg mellom kr 0 - 25 million kroner, dette utover kr 10 million i posten for utføresette som er lagt inn i kostnadsoverslaget frå Multiconsult AS og kr 3,7 million som kommunen har lagt inn for sine utføresette kostnader.

I tillegg blir det vist til at Fosnavaag Pelagic AS i sitt svar til kommunen av 12. august 2020:

«Det er en forutsetning at Fosnavaag Pelagic får gjennomføre normal produksjon i anleggsperioden. Dette må garanteres av entreprenør / byggherre.

Det må stilles en økonomisk garanti at Fosnavaag Pelagic sin drift ikkje blir avbrutt i perioden.»

I tillegg til den økonomiske risikoen som ingeniør Bjørn J. Nes har skissert, og som er stipulert til mellom kr 0 – 25 million, så må kommunestyret også vere seg bevisst at det ligg føre ein klar økonomisk usikkerheit knytt til Fosnavaag Pelagic AS sitt krav om å bli helde skadesløs og få dekket sitt eventuelle driftstap.

Dersom kommunestyret ønskjer å ta den økonomiske risikoen som her er skissert, så vil kommunedirektøren vise til at Fosnavaag Pelagic AS har stilt eit krav om eigarskap til kaifronten og det nye landarealet på sin eigedom – dette er også eit prinsipielt spørsmål som kommunestyret må ta stilling til i denne saka.

Dersom kommunestyret ikkje ønskjer den skisserte løysinga med eit deponi i indre hamn, så er ikkje staten lenger bunden av forskoteringsavtalen. Kommunen må då eventuelt sjølv ta kostnaden med å utgreie andre alternativ om det er ønskeleg, og

deretter må kommunen truleg ta kostnaden for eventuelle alternative løysingar.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren viser til at dersom kommunen skal følgje opp avtalen med staten, så må kommunen ta endeleg stilling til saka i kommunestyret sitt møte i august.

Konsekvensen av å ikkje ta stilling til saka i kommunestyremøte den 27. august 2020, er at staten ikkje lenger er forplikta etter avtalen til refusjon av utgifter etter forskoteringsordninga.

På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Prosjektet har konsekvensar for kommunen sine driftsutgifter med kr 2,2 million i årlege finanskostnadar etter at kommunen har motteke forskoteringsmidlane frå staten.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Trond Arne Aglen  
kommunedirektør

Andreas Christian Nørve  
ass.rådmann/kommunalsjef